



Fusa ligg i det frodige og opne fjordlandskapet i Midthordland. Her er det vidare og lysare enn i dei indre stroka av fylket. Kommunen har ei lang kystline på ca 198 km med mange holmar og skjær, samstundes som ein har fjellheimen i ryggen mot aust med toppar opp til 1299 m.o.h. (Tveitakvitingen) i grenseland mot Kvamskogen.

Fusa kommune ligg midt i Hordaland, mellom Hardanger og Bergen, om lag ein times køyring frå vestlandshovudstaden.

Kommunen grensar til kommunane Kvinnherad og Tysnes i sør, til Kvam i aust, til Samnanger i nord og til Os i vest.